



Meland kommune  
Postboks 79  
5906 Frekhaug

## Melding om tilskot i 2017 til psykologar i dei kommunale helse- og omsorgstenestene – kap 765 post 60

Fylkesmannen viser til søknad av 23. januar 2017 om tilskot til ein 100 % stilling som psykolog i kommunen.

### Tildeling av tilskot

Fylkesmannen tildeler kroner 410 000 til psykolog i dei kommunale helse- og omsorgstenestene over kapittel 765 post 60 på statsbudsjettet for 2017. Tilskotet blir gitt til:

100 % stilling for psykolog i kommunale helsetenester. Tilskotet gjeld i 12 månader frå 1. januar 2017.

De får overført kr 310 000 i ubrukt tilskot frå 2016. Dette er inkludert i tildelinga i 2017. Utbetaling i år er dermed kr 100 000.

I tilskotet er det inkludert kr 10 000 per stilling til deltaking på nasjonal samling for leiarar og psykologar som Nasjonalt kompetansesenter for psykisk helsearbeid (NAPHA) arrangerer, og deltaking på samlingar som Fylkesmannen og regionale kompetansesenter arrangerer. Det er venta at kommunen deltek på arrangementa, jf. Rettleiing til regelverket punkt 7

Dette er ikkje eit enkeltvedtak etter forvaltningslova, og de har difor ikkje høve til å klage på vedtaket eller vilkåra i dette brevet.

### Bruk av midlane

Midlane skal nyttast til formålet dei er gitt til dette budsjett- og kalenderåret, jf., søknaden, regelverket for dette tilskotet og krava i dette brevet.

- Midlane skal nyttast til delvis dekking av lønnsutgifter dette året, jf. Helse- direktoratets rettleiing regelverket punkt 7.  
Det er ein føresetnad at kommunen bidreg med eigenfinansiering til lønnsutgifter som overstig tilskotet kvart budsjettår.
- Kr 10 000 per stilling skal nyttast til kompetanseutvikling som omtalt ovanfor.

## Utbetaling og krav til stadfesting

Tilskot blir utbetalt når

- vi har fått og godkjent rapport for fjorårets tilskot (rapport om måloppnåing og økonomirapport)
- vi har fått tilbake den vedlagde stadfestinga i utfylt og underskriven stand, sjå vedlegg.

Ver venleg å fylle ut og sende stadfesting til [fmhopostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhopostmottak@fylkesmannen.no) snarast.

## Rapportering

Kommunen skal rapportere til Fylkesmannen innan 1. februar neste år i rapporteringsskjema som følgjer den årlege kunngjeringa av tilskotsordninga på [www.fylkesmannen.no](http://www.fylkesmannen.no) og [www.helsedirektoratet.no/tilskudd](http://www.helsedirektoratet.no/tilskudd).

Det er ikkje krav om revisorattestert rekneskap. Økonomirapportering skal gjennomførast i eigenerklæringsskjema som følgjer den årlege kunngjeringa av tilskotsordninga. Skjemaset skal kontrollerast og godkjennast av økonomiansvarleg eller ein annan med same mynde i kommunen.

For tiltak som går over fleire år, skal kommunen sende rapport kvart år dei har fått tilskot for.

## Rapporteringa skal mellom anna innehalde:

Omtale av korleis og i kva grad måla for tilskotet er nådd. Kriteria for måloppnåing er:

- kva målgruppe(r) arbeider psykologen inn mot?
- kor stor del av oppgåvene/stillinga går til:
  - system- og samfunnsretta arbeid
  - rettleiing/fagstøtte til tilsette/tenester i kommunen
  - helsefremjande og førebyggjande arbeid
  - utreiing, diagnostisering og behandling/oppfølging
- kva type forpliktande tverrfagleg samarbeid og/eller fleirfagleg fellesskap inngår psykologen i?
- korleis vert brukarmedverknad på individ- og systemnivå ivareteke i tiltaket, [jf. Regelverk for ordninga](#), punkt 3.
- tidspunkt for tilsetjing og stillingsprosent for psykologstillinga

## Kontroll og dokumentasjon

Fylkesmannen har rett til å kontrollere at tilskotet er brukt etter føresetnadane, jamfør § 10 andre ledd i Bevilgningsreglementet. Vi gjer merksam på at Riksrevisjonen har høve til å kontrollere at tilskot blir brukt etter føresetnadane, jamfør lov om Riksrevisjonen § 12 andre ledd.

Med helsing

Anne Grete Robøle  
seksjonsleiar

Mona Fauskanger  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg:

1. Regelverk for tilskot psykologar i dei kommunale helse- og omsorgstenestene.
2. Stadfesting

Kopi til:

Meland kommune v/Tord Moltumyr Postboks 79 5906 Frekhaug